



# TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 10

Telefaks 53 43 70 11

Det kgl. miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

UGGDAL, 03.09.09

*Saksnr.*  
09/1014

*Dok.nr*  
10897/09

*Arkivkode*  
510

*Avd/Sek/Saksh*  
FSK/RAD/AUHO/åd

*Dykkar ref.*

## FRAMLEGG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTING AV STANDSONA - TYSNES KOMMUNE

- ./ Saka var føre i møte i formannskapet 25. august, og det vart gjort vedtak slik kopi av vedlagde møtebok syner.

Med helsing  
Tysnes kommune

Audun Hovland  
rådmann

# MØTEBOK

## Tysnes kommune

---

<b>Utval</b> <b>FORMANNSKAPET</b>	<b>Møtedato</b> <b>25.08.09</b>
--------------------------------------	------------------------------------

---

Arkivsak : 09/1014 -  
Arkivkode: 510

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

### Handsamingar:

<b>Utval</b> FORMANNSKAPET	<b>Møtedato</b> 25.08.09	<b>Saksnummer</b> PS 71/09
-------------------------------	-----------------------------	-------------------------------

### FRAMLEGG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTING AV STRANDSONA - HØYRING

**Vedlegg: 1. Høyring – forslag til statlege retningsliner for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen**

### SAKSUTGREIING:

#### Bakgrunn:

Det vert vist til brev frå Det kongelige miljøverndepartement dagsett 29.06.09. Departementet ber om uttaler til framlegg til statlege retningsliner for strandsona.

Miljøverndepartementet ber særskilt om at det i høyringa vert gjeve synspunkt på den geografiske avgrensinga som er lagt til grunn i framlegget.

I framlegget vert Tysnes kommune plassert under sentrale områder der presset på areala er stort, punkt 4.3. Dette inneber at retningslinene under punkt 4.1 og prinsippa i rikspolitiske retningsliner for planlegging i kyst- og sjøområda i Oslofjordregionen skal leggjast til grunn.

#### Tysnes som pressområde:

Tysnes kommune ligg relativt sentralt plassert i høve til Bergen, det er likevel lite som tyder på at kommunen kan skildrast som eit pressområde.

Per i dag har Tysnes ein befolkningstettleik på 11,2 per km<sup>2</sup> mot 32,3 per km<sup>2</sup> for Hordaland fylke. Det er då litt vanskeleg å sjå at kommunen kan vurderast som eit pressområde.

Folketalsutviklinga i kommunen er relativt stabil, sjølv om det har vore ein nedgang på 28 % sidan 1951. Eit relativt stabilt folketal kan likevel ikkje skygga for det faktum at Tysnes kommune har ei utfordring med omsyn til å oppretthalda balansen mellom folketal og tenesteyting.

Dersom ein ser på demografiske tilhøve i kommunen understrekar det ytterlegare dei utfordringar kommunen har med omsyn til å halda oppe balansen mellom folketal og tenester. Per 2009 er heile 19,7 % av den samla befolkningen over 67 år. Tilsvarande ser me at kommunen manglar kvinner i fertil alder og generelt.

Når me held saman tal for folketalsutvikling, kvinneunderskot og andelen eldre er Tysnes kommune ein kommune som slit med andre utfordringar enn høgt press. Sjølv om me nødvendig vil nytta eit ord som "fråflyttingskommune", så er det neppe tvil om at me kan ha nokre av symptoma.

Dersom me ser på SSB sine vurderingar om folketalsutvikling i fylke og kommunar 2010 – 2030, så teiknar ikkje Tysnes til å verta eit pressområde i framtida heller. Tabellen under viser folketalsutvikling i prosent av folketal 2009 til 2030:

	LLML	MMMM	HMH	MMML	MMMH
Noreg	11,8 %	21,4 %	31 %	15,8 %	26,9 %
Hordaland fylke	14,9 %	24,4 %	33,8 %	19,1 %	29,6 %
Tysnes kommune	- 9,2 %	- 2,4 %	4,7 %	- 5,8 %	1,1 %

SSB tab. 5 – 9: Folkemengde per 1. januar etter fylker og kommune. Registrert 2009. Framskrevet 2010 – 2030.<sup>1</sup>

Tysnes kommune kjem svært dårleg ut av alle scenaria som SSB har nytta for å vurdere folketalsutviklinga fram til 2030. Me kan ikkje sjå at det er andre kommunar som er lagt under pkt 4.3 i framlegg til planretningslinjer som kan visa til tilsvarande dårlege utsikter når det gjeld folketalsutvikling. I eit slikt perspektiv vert det opplevd litt underleg å verta skildra som eit pressområde.

I distriktmeldinga, St.meld. nr 25 (2008-2009) s. 9, heiter det om fjellområda at:

*"Regjeringa legg vekt på at det må vera ein god balanse mellom bruk og vern for å ta vare på desse verdiane og samstundes gjera det mogleg for lokalsamfunna å utnytta potensiale for verdiskaping."*

Dette vert utdjupa i meldinga, s. 95 f.f., der det vert understreka at fjellområda er ein ressurs som bør kunne utnyttast av mindre kommunar som slit med dårleg befolkningsgrunnlag. Her vert det sett på ulike føremonar knytt til busetnad og lokal næringsutvikling av fjellområda. Tysnes kommune har behov for å nytta strandsona på tilsvarande måte, det vil sei at me må kunna nytta denne som ein føremon i konkurransen om nye innbyggjarar og ein moglegheit til framtidig vekst for samfunnet vårt. I dette ligg det mellom anna at me må kunne leggja vekt på behov for næringsutvikling og arbeidsplassar i vurdering av tiltak i 100 meters - beltet. Dette på linje med kommunar som ligg under punkt 5 i departementet sitt framlegg.

Utvikling av attraktive buområde i Tysnes kommune føreset ein fornuftig og lokalt tilpassa balanse mellom vekst og vern. Utbygging må skje på ein slik måte at alle vert sikra tilgang til sjø, dette inneber både utvikling av tiltak som felles båthamner og vern/tilrettelegging av delar av strandsona.

<sup>1</sup> LLML – lav nasjonal vekst, MMMM – middels nasjonal vekst, HHMH – høg nasjonal vekst, MMML – lav innvandring, MMMH – høg innvandring.

Historisk sett er Tysnes ein kommune der sjøen har vore den viktigaste kommunikasjonsåra og eit svært viktig grunnlag for næring og arbeidsplassar. Fjellområda midt på øya, vern av jordbruksareal og ulike fornminne, har også verka til å pressa busetnaden ned mot strandsona. I realiteten har dette ført til ei relativt høg utnytting av strandsona. Det er likevel slik at storparten av strandsona i Tysnes er fri for inngrep og tiltak, det er og avsett store områder til vern i eksisterande kommuneplan.

Det er også å merkja seg at Tysnes har hatt eit høgt innslag av fritidsbusetnad frå tida før den første bygningslova vart teke i bruk, dette kan også vera eit historisk bakteppe for kvifor utnytting av strandsona er som den er. Status er likevel at store delar av strandsona på Tysnes er fri for inngrep og tiltak.

I framlegget til planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen vert det understreka at det skal leggjast vekt på "fortetting og byutvikling" i "by og tettstedsområder". Utvikling av sentrumsområde er ein av nøklane for kommunar som over tid har hatt ei dårleg utvikling av folketal. I tråd med dette har Tysnes byrja å setja fokus på sentrumsutvikling av Våge. I framlegget som er sendt på høyring kan det virka som at fortetting i første rekkje vert tillagt byar og tettstadar, medan grisgrendte kommunar i lita grad får høve til å nytta desse verkemidla. Ei sentrumsutvikling vert fort stoppa opp dersom Tysnes misser sin moglegheit til å gjera lokale vurderingar av utnytting av strandområda.

Tysnes har ei klar eigeninteresse i å verna strandsona i stor mon for å sikra gode moglegheiter for aktiv fritid for både fastbuande og dei som har fritidsplass i kommunen. For å lokka til oss nye innbyggjarar må me ha noko å tilby og gode område for friluft og rekreasjon er eit av våre føremonar.

Tysnes står no ovanfor rullering av kommuneplanen, i samband med dette arbeidet vil det verta lagt stor vekt på ei ansvarleg utnytting av strandsona der balansen mellom vekst og vern vert vurdert nøye. Ved utbygging av eit område ønskjer me samstundes å binda opp anna areal. I tråd med dette ønskjer me å ha fokus på fortetting av område som er utbygd og vern av områder som er frie for inngrep.

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Tysnes kommune ber med utgangspunkt i ovannemnde moment, herunder utvikling av folketal, historiske -, demografiske- og geografiske tilhøve, om å verta lagt inn under punkt 5 i statlege retningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning.

#### **VEDTAK I FORMANNSKAPET 25.08.09:**

I samsvar med innstilling.